



Gulholm eller Gullholm?

**Då eg skreiv om ei sak frå Gulvikjo(Gullvikjo) i går vart eg svært så usikker på om desse namna skulle skrivast med dobbel eller enkel l. Då var det heilt naturleg å spørja Olaf Agnar Gausvik til råds. Han har både inngåande lokalkunnskap og den beste språklege kompetanse. Han har til og med skrive eit vakkert dikt til idylliske Gullholm.**

Frå ferieparadiset sitt i Gdynia i Polen var han kjapp å svara.

- Sanneleg eit godt spørsmål. Eg trur at namnet har sitt opphav i det gule ospelauvet som ein gong var eit sermerke for holmen. Men gul uttalar vi med lang u, og namnet på holmen vert uttala med kort u.

Det var og knytt ein myte om ein gullskatt etter Gjest Bårdsen til holmen.

Han seier vidare at når no ospene er borte, er det vel ingen ting att som har med gulfarge å gjera, og held fram:

- I min barndom sa vi 'Gullholmsvikjo', og det var Gustaven(Gustav Bergstø) som tok i bruk Gullvik som firmanamn. Dette er alt saman amatørbetraktningar, men eg trur nok eg berre ville ha akseptert at det innarbeidde namnet no er Gullvikjo, avsluttar Gausvik i første omgang, før han nokre timar etter kjem tilbake:

-Dess meir eg tenkjer på det, dess sikrare blir eg på at Gulvikjo med ein l er den rette opphavelege skrivemåten. I vår dialekt blir dobbel l uttala dl, og slik har namnet aldri vore sagt.

Dermed føler eg meg overtydd om at den opphavelege skrivemåten er med enkel l; - altså Gulholm og Gulvikjo. Eg konkluderer derimot med at det er akseptert med dobbel konsonant i dagens skrivemåte.

Interessanne er i alle fall desse namna, og det kan vera kjekt om andre hadde noko å tilføya i tilknytning dette.

I diktboka **Det droplar og dryp** som Olaf Agnar gav ut på Setesdalsforlaget i 2007, har han skrive om den idylliske holmen og historia rundt den i den vakre songen **Skattøya Gullholm**. Vi tar derfor den med her:



Skattøya Gullholm.

## SKATTEØYA GULLHOLM

Då vi var smågutar las vi boka  
om Skatteøya og kaptein Flint  
som der grov ned sine gulldublonar  
og teikna sjøkart og la ut hint.

Vi fylgde Hawkins og Long John Silver,  
den sleipe kjeltring og mytterist,  
og var ulideleg spent på kven som  
sku' berga gullskatten heim til sist.

Så song vi verset om dau manns kiste,  
om femten mann og ei flaske rom,  
for der var nærare skatteøyar  
enn dei som Stevenson dikta om.

På Gullholm hadde jo meistertjuven,  
Gjest Baardsen sjølv, gøymt seg bort ei natt,  
den gong han rømde frå Halsnøy kloster;  
så sjølvstekt låg der ein bortgøymd skatt.

Vi gjorde landnåm og saumfor holmen,  
vi grov i mosen og snudde stein,  
men såg 'kje snurten av skattekista  
og ingen sporteikn av bleike bein.

Men godt i le låg det og ein løyndom,  
ei sokken skute med morkna spant,  
der dykka vi til vi mista pusten,  
men tang og tare var alt vi fant.

Vi let oss lura av Gullholm-namnet,  
det fekk vi sjå då det lei mot haust

og ospetrea fekk gule lauvblad  
som skalv og bivra så hjelpelaust.

Ein sorgfri sommar langs skjær og strender  
som lykkejeger og glad pirat,  
gav lite gullmynt i mine lommer,  
men barndomsminne av høg karat.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Olaf Agnar Gausvik og Thor Inge Døssland